



Ordfører Tore Opedal Hansen
Drammen kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1135 - 14/15622

Saksbehandlar:
Frøydis Ones
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:
25.06.2014

Førespurnad om innlegg på konferanse i Nordhordland

Lindås kommune legg no områdeplan for Knarvik, regionsenteret i Nordhordland , til andre gongs offentleg ettersyn. I løpet av høyringsperioden ynskjer vi å halde ein open konferanse med fokus på bymessig utvikling. Det er aktuelt å setje fokus på samspelet mellom det offentlege og private aktørar. Vi er kjent med at Ordførar i Drammen med hell har delt sine erfaringar frå arbeidet med transformasjon i Drammen kommune. Desse erfaringane trur vi kan bidra positivt inn i det stadiet i planprosessen Lindås kommune er i no.

Vi vil med dette rette ein førespurnad om Ordførar i Drammen kommune har moglegheit til å halde eit innlegg på konferansen som er planlagt den 10. september, kl. 12 – 15.

Ynskjer du å sjå nærare på områdeplan Knarvik sentrum, vil dette i løpet av kort tid liggje på kommunen si heimeside www.lindas.kommune.no.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar



Mottakarar:

Ordfører Tore Opedal Hansen

Drammen
kommune